
Saksnr: 2020/51166-1
Saksbehandlar Hilde Joranger Mæland
Dato: 14.05.2020

Til: Fylkesutvalet og fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Retningslinjer for klart språk og god nynorsk i Vestland fylkeskommune

Bakgrunn

Fylkesrådmannen viser til sak i fylkesutvalet 24.10. 2019 og fylkesting 17.12.2019 «Vestland fylkeskommune - målvedtak i samband med fylkessamanslåinga» Fylkestinget gjorde i denne saka vedtak om nynorsk som administrasjonsspråk for Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen vil understreke behovet for eit enkelt, klart, lettfatteleg og brukarvenleg språk. Språk er viktig i arbeidsdagen til praktisk tala alle medarbeidarane våre, og særleg i kontakt med brukarar og samarbeidspartar.

Fylkeskommunen kommuniserer med ulike mottakarar i alle aldrar og dei er både innbyggjarar elever, tilsette i kommunar, organisasjonar, lag, verksemder og næringslivet. Sidan våre brukarar er så pass ulike har dei difor svært ulike føresetnader for å forstå. Det er ikkje lett å nå alle desse, derfor treng vi retningslinjer som hjelper oss til å nå så mange som mogleg, så effektivt som mogleg.

Desse retningslinjene hjelper tilsette i fylkeskommunen til å skrive effektivt, og dei hjelper oss i arbeidet med å skrive tekstar som lesarane forstår. Lesarane våre har rett til å få tekstar som er tilpassa dei, slik at dei forstår kva rettar og plikter dei har og kva for tenester og arbeid fylkeskommunen gjer. Godt språk gjer det mogleg å delta i samfunnet og styrker demokratiet.

Verdiane våre - kompetent, open og modig - skal prege kommunikasjonen vi har med innbyggjarane. Då må vi skrive klare, presise og lett forståelege tekstar. Retningslinjene skal bidra med det i tillegg til å gje mange konkrete tips og råd for god nynorsk. Det er opp til den tilsette sjølv om han eller ho vel a- eller e-infinitiv. Det viktigaste er at ein er konsekvent gjennom teksten og at ein tenker på prinsippa for klart språk.

I saksframstillinga til målsaka i fylkestinget, 17.12.19, tok fylkesrådmannen til orde for seinare å legge fram ein målbruksplan med forslag til retningslinjer og tiltak for gode språkkunnskapar.

Desse retningslinjene er no utarbeidd og blir med dette lagt fram for fylkestinget til orientering.

Språkfagleg støtte og lover

Språkprofilen for Vestland fylkeskommune er laga av kommunikasjonsseksjonen i Vestland fylkeskommune.

Profilen byggjer på tidlegare språkbruksplan for Sogn og Fjordane fylkeskommune. I arbeidet med den teksten har vi henta mykje inspirasjon frå andre offentlege språkprofilar, særleg frå Telemark fylkeskommune, Buskerud fylkeskommune, Hå kommune og Sunnfjord kommune.

Vi har òg lært mykje av klarspråksressursane til Språkrådet, KS og Difi, og av kurs i klarspråksarbeid gjennomført av NTB Arkitekst. Retningslinjer for klart språk og god nynorsk er kvalitetssikra av NTB Arkitekst.

Retningslinjer for klart språk og god nynorsk i Vestland fylkeskommune vil til en kvar tid følge gjeldande norsk språklov. Endringar i denne vil påverke retningslinjene for Vestland. Oppdatert informasjon vil til en kvar tid bli inkludert i ein revidert versjon og på intranett.

Retningslinjene - innhald

Første del av retningslinjene inneheld åtte skriveråd som hjelper dei tilsette til å skrive tekstar som

- er tilpassa dei aktuelle lesarane
- er strukturerte på ein lesarvennleg måte
- har ein passande tone
- har gjennomtenkte formuleringar på både setnings- og ordnivå
- er korrekte

Andre del av dokumentet inneheld viktige skrivereglar og nokre råd om god nynorsk, mens den tredje og siste delen består av kortfatta råd om korleis vi skriv ulike typar tekstar som brev, e-postar og politiske saker.

Sjå vedlagte retningslinjer for samla innhald.

Vidare arbeid og oppfølging

For å sikre godt og klart språk bør tilsette få tilbod om kurs i klart språk og for dei som treng det, også nynorsk. KS kan gje støtte til slike kurs, som nokre i fylkeskommunen allereie har vore med på.

Vedlegg: Retningslinjer for klart språk og god nynorsk i Vestland fylkeskommune (pdf)